

**ALVER**

KOMMUNE

Plan og analyse

Kari Dømbe Haldorsen
Johan Hjorts vei 54
5081 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/2307 - 20/16871

Saksbehandlar:

Marte Hagen Eriksrud

marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.
no

Dato:

27.03.2020

Plansak-Kommuneplan for Lindås kommune 2019-2031 - planid 1263-201805 - svar på spørsmål om status for innspel gbnr. 215/28

Eigedom: gbnr. 215/28

Alver kommune viser til din e-post av 18. mars 2020.

Godkjent kommuneplan

Kommunestyret i Lindås kommune gjorde vedtak om å godkjenne framlegg til Kommuneplan for Lindås kommune 2019-2031 den 15.10.19, sak 068/19. Kommunen har gjennom politisk handsaming vurdert ditt innspel til kommuneplanen, og har vald å ikkje ta innspelet med i den godkjente planen.

Ditt innspel var ein del av grovsiling av innspel til arealplanen hausten 2018. Grovsilinga er dokumentert i vedlegg til politisk sak om 1. gangs handsaming av arealplanen, 19. juni 2019. Sjå link til den politiske saken;

https://innsyn.sing.no/lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2019017145&.

Det er ikkje klagerett på kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 11-15. Ditt innspel er såleis ferdig handsama, og saka er avslutta.

Status for din eigedom og vidare alternativ

Arealplanstatus for din eigedom er uendra, og eigedomen ligg framleis som LNF i kommuneplanen. I Alver kommune er det eining for arealforvaltning, avdeling for plan og byggesak, som kan rettleie vidare om aktuelle alternativ for å få endra bruk av din eigedom. På Alver kommune sine nettsider; <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/> ligg det mykje nyttig informasjon om søknadsprosessar, samt korleis ein kan ta kontakt for å rettleiing og hjelp.

Orientering om rettar for den som har levert innspel til kommuneplan

Eit innspel til kommuneplan er eit råd, ein ide eller eit ynskje frå innbyggjarane, og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen. Den kunnskapen kommunen får gjennom innspela vert vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn.

Det er viktig å vere klar over at eit innspel til kommuneplan ikkje er ein søknad og ikkje ei enkeltvedtakssak etter forvaltningslova (fvl) § 2 b. Du får ikkje partsstatus som følgje av innspelet. Det har konsekvensar for korleis kommunen kommuniserar med deg og for kva rettar du har.

- Kommunen har generell rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11.
- Du har innsynsrett i plansaka sine dokument i samsvar med offentleglova.
- Du får ei stadfesting på at kommune har motteke innspelet ditt, men du får ikkje skriftleg varsel frå kommunen om den vidare gangen i planarbeidet. Du må sjølv følgje saka på kommune si nettside.
- Kommunen gjer ikkje eit eiga vedtak som gjeld ditt innspel, og du har ikkje krav på grunngjeving ut over det som går fram av plandokumentene og sakspapira.
- Du har ikkje klageret, korkje på korleis kommunen har vurdert ditt innspel, på kommunen sitt endelege vedtak om å godkjenne planen eller på sakshandsaminga, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

Når kommunestyret har godkjent planen er saka avlutta og innspelet ditt ferdig handsama.

Korleis kommunen konkret har vurdert og handsamar ditt innspel kan du sjå i plandokumenta og i sakspapira til politiske utval på kommunen sin nettside.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kari Dømbe Haldorsen

Johan Hjorts vei 54

5081

BERGEN